

Kjell Dahle  
Myravegen 19  
5943 Austrheim

Mastrevik 03.06.2016

Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 Austrheim

## **MERKNADER TIL KOMMUNEPLANEN FOR PERIODEN 2016 – 2027**

Eg har fylgjande merknader til planen:

### 1: Markering av område B07 i Mastrevik.

Dette området er i planen vist med mørkegul farge, som tilsvarer område for framtidige bustader. Dette må vere feil markering, då det i dette området i alt vesentleg grad er eksisterande bustader, men der det kan vere mogleg å leggja inn nokre nye bustader i samband med detaljregulering for området. Dette er tilsvarande som for området B08, som er markert med lys gul farge.

Konklusjon: Områdemarkeringa for B07 og B08 må vera like, og visast som lyst gul område, tilsvarande "Noverande bustader".

### 2: Friområde (FR) i Mastrevik.

Område på den kommunale eigedomen nord for område B07 er i planen vist som LNFR areal. Arealet meiner eg er eit verdfullt område til bruk som friområde, og som med litt tilrettelegging og tilfredstillande tilkomst, kan verte ei verdfull badefjære. Dette området bør difor visast som friområde i Kommuneplanen.

### 3: Områdeavgrensing for reguleringsplan i Mastrevik.

Slik eg forstår planen skal det ikkje frådelast tomter eller gjevast byggeløyve i områda som er markerte som "BYGG OG ANLEGG" i plankartet, før det er utarbeidd reguleringsplan for det aktuelle området. I samband med dette viser eg til skriv med vedlegg som eg sendte Austrheim formannskap 07.10.2015 (Vedlegg 1). Der peikte eg på ei rekke tilhøve som burde løysast i tilknytting til ein arealplan for området. Dette skrivet ber eg om blir teke inn under mine merknader til Kommuneplanen for perioden 2016 – 2027.

Eg legg også ved ei skisse (Vedlegg 2), som viser kvar eg meiner plangrensene for dette området bør gå, slik at ein kan få ei tilfredsstillande vurdering av både vegtilhøve, friområde, bustader, næringsareal og skuleområde. Planen bør ta naudsynt omsyn til eksisterande busetnad, og dei tidlegare planer som er utarbeidd for området. Ref reguleringsplan frå 1970 og 1987.

Vonar kommunen tek omsyn til dei merknadane eg har, og at framtidig utnytting av området i Mastrevik vert i samsvar med ein godkjend og stadfesta reguleringsplan.

Med helsing



Kjell Dahle

Vedlegg:

- 1: Skriv av 07.10.2015 med tilhøyrande kartvedlegg om "Arealplan for Mastrevik".
- 2: Skriv som viser forslag til grense for reguleringsplan i Mastrevik.